



SAKSHANDSAMAR
Erik Småland

VÅR REF.
06/00073-26

ARK. F - Fartøy Granvin

DYKKAR REF.

INNVALSTELEFON

DYKKAR DATO

VÅR DATO
11.12.2010

TELEFAX
+47 22 94 04 04
postmottak@ra.no
www.riksantikvaren.no

Veteranskipslaget Fjordabåten
Postboks 1740 Nordnes
5816 BERGEN

M/S Granvin - LGDC - melding om oppstart av freding

I medhald av § 16 i Forvaltningslova varslar Riksantikvaren med dette at ovannemnde farty vil bli foreslått freda med heimel i Lov om kulturminne av 9. juni 1978 nr 50 (kml) § 14a.

Omfanget av fredinga

Forslaget om freding etter § 14a vil omfatte fartyet med fast inventar og utstyr. Kulturminnelova gjev høve til å frede heile eller delar av fartyet. Det vil bli aktuelt å gjere ei samla gjennomgang for nærare spesifisering av kva for interiør og teknisk utstyr, maskineri, rigg og større laust inventar som skal omfattast av fredinga. Fredinga skal i seg sjølv ikkje være til hinder for vidare drift av fartyet.

Bakgrunn for fredingssaka

Fredinga av M/S "Granvin" vert grunngjeve med at fartyet er eit av få attverande av dei tidlege bilførande fartya i Noreg. Fartyet representerer transport- og skipshistorie frå tida då bilferdsla og utbygginga av eit moderne landvegs transportsystem var i si emning. "Granvin" vart bygd for passasjer- og bilføring i det viktige riksvegsambandet mellom Aust- og Vestlandet gjennom Indre Hardanger.

Ferjer med langskips gjennomkjøring var i bilføringa si tidlege fase bygde for kortare strekk tvers over fjordar og sund. For lengre ruter langs etter fjordane bygde ein stadig skip med konvensjonelt skrog og tverrskips ombordkøyring.

HSD sitt rutesystem var bygd opp slik at lokalskip som "Granvin" samle opp passasjerar langs fjordane og koresponderte med dei store langruteskipa på sentrale anløpsstader. Langruteskipet D/S "Stord", levert til HSD i 1913, gjekk i Hardangerruta mellom Bergen og Odda, og dette skipet er bevart saman med "Granvin".

Alt i 1938 var "Granvin" blitt for lita for den sterkt aukande biltrafikken gjennom Hardanger og vart avløyst av den nybygde moderne bilferja M/F "Folgefonn". Tilliks med "Granvin" og "Stord" er "Folgefonn" er bevart i sitt gamle fartsområde og det er også opna fredingssak for denne.

Beskriving og historikk

HSD hadde vore involvert i bilruter like frå 1912, då dei skaut inn aksjekapital i Automobillaget Haukelid. Selskapet deltok gjennom aksjekjøp i ei rekkje ulike rutebilselskap i fartsdistriktet ettersom lokale initiativtakarar starta biltrafikk. Dei var difor både merksame på utviklinga og hadde interesse av ho. I motsetnad til mange andre rutelag såg difor ikkje HSD på utviklinga av landvegs transport som utidig konkurranse.

I 1930 vart motorkuttaren "Tyssedal" levert og sett inn i den nyskipa ferjeruta i Indre Hardanger. Det synt seg raskt at det var behov for større kapasitet i selskapet sine ferjeruter, og HSD nytta seg av styret si fullmakt til å kontrahere eit nytt lite motorskip. Også dette skipet skulle byggjast med tanke på bilføring og var teikna av HSD sin ingeniør Johan Daae. M/S "Granvin" vart bygd hjå Mjellem & Karlsen Verft i Bergen som byggenummer 63 i 1931. Skipet var på 115 brt og målte 89,9 fot. I maskinrommet stod ein 2-cyl totakt enkeltvirkande Bolinder råoljemotor på 150 Bhk.

Den 9. april 1940 gjekk «Granvin» i rute i Indre Hardanger. Skipet vart rekvirert til troppe-transport for norske soldatar. Natta til 25. april 1940 frakta M/S «Granvin» norske soldatar frå Kinsarvik til Granvin, då fem tyske motortorpedobåter angrep dei norske styrkane i Ulvik. «Granvin» rakk å kome seg ut før sjølve angrepet starta.'

Etter krigen var ikkje lenger "Granvin" tidsmessig for bilferjesamband, og skipet vart nytta i dei fleste av HSD sine lokalruter både i Hardanger og Sunnhordland.

I 1968 selde HSD "Granvin" til eit partsreiarlag eigd av Olav Linga og Bjarne Lutro i Hardanger. Men, HSD leigde skipet attende, og "Granvin" haldt fram under HSD sitt merke i same ruta fram til lokalruta i Indre Hardanger vart lagd ned i 1987. Etter at Linga og Lutro overtok "Granvin" vart passasjerinnreiinga under dekk i framskipet fjerna til fordel for eit utvida lasterom. Same år vart også den gamle Bolinder-maskina bytta med ein 3ACA Wichmann.

Etter 56 år i lokalruter for HSD vart "Granvin" i 1988 overteken av Veteransklaget Fjordabåten, som starta arbeidet med å restaurere skipet med utgangspunkt i slik det var som bilførande lokalbåt.

"Granvin" vert i dag teken vare på i Det Hardanger Sunnhordlandske Dampskipsselskap (HSD) sitt fartsområde og inngår i ein vernesamanheng som også inkluderer fleire farty frå same selskap.

Vidare saksgang

Vi ber om at eventuelle merknader til fredingssaka sendast til Riksantikvaren innan tre veker etter at dette brevet er motteke. Det endelige dokumentet vil deretter bli utarbeidd. Det er ein føresetnad at fartyet vert handsama som freda inntil fredingssaka er gjennomført. Det medfører at Riksantikvaren må kontaktast dersom ein vil setje i verk tiltak som vil medføre endringar eller som går ut over vanlig vedlikehald. I medhald av § 22 nr. 4 i kulturminnelova kan

kulturminnemyndigheita treffe vedtak om mellombels freding inntil fredingssaka er endeleg avgjord.

Beste helsing

Unni Grønn
Avdelingsdirektør

Alexander Ytteborg
Seksjonssjef

Kopi til:

Hordaland fylkeskommune - Kultur- og idrettsavdelinga, Postboks 7900, 5020 BERGEN

Miljøverndepartementet - Kulturminneavdelingen, Postboks 8013 Dep, 0030 OSLO

Det Kongelige Samferdselsdepartement, Postboks 8010 Dep, 0030 OSLO

Nærings- og handelsdepartementet. Postboks 8014 Dep., 0030 OSLO

Fylkesmannen i Hordaland, Postboks 7310, 5020 Bergen

Sjøfartsdirektoratet, Postboks 2222, 5509 HAUGESUND

Bergen kommune, Byrådsavdeling for kultur, Postboks 7700, 5020 BERGEN

Eidfjord herad, Simadalsvegen 1, 5783 EIDFJORD

Granvin herad, Postboks 13, 5733 GRANVIN

Jondal herad, Kommunehuset, 5657 JONDAL

Kvam herad, Grovagjelet 16, 5600 NORHEIMSUND

Kvinnherad kommune, Rådhuset, 5470 ROSENDAL

Odda kommune, Opheimsgata 31, 5750 ODDA

Stord kommune, Postboks 304, 5402 STORD

Ullensvang herad, 5780 KINSARVIK

Ulvik herad, Skeiesvegen 3, 5730 ULVIK

Norsk Forening for Fartøyvern, Stortingsgaten 12, 0161 OSLO

Fortidsminneforeningen, Dronningens gate 11, 0152 OSLO

Tide ASA, Postboks 6300, 5893 Bergen

Bjarne Lutro, Lønborglien 305, 5039 BERGEN

Johannes Linga, Folkedal, 5736 GRANVIN

Einar Olav Linga, Alver, 5914 ISDALSTØ

Forbundet Kysten, Nordre-Akershuskai - Skur 28, 0150 OSLO

Norsk Vegmuseum, Hunderfossvegen 757, 2625 FÅBERG

Bergens Sjøfartsmuseum, Postboks 7800, 5020 BERGEN

Norsk Teknisk Museum, Kjelsåsveien 143, 0491 OSLO